

Til KD / Fellesskuleutvalet
fellesskuleutvalget@kd.dep.no

Innspel frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i barnehage og skule. Nynorsksenteret driv forskingsformidling og praksisnær aktivitet basert på relevant forskning og medverkar til at barnehagar og skular får auka kompetanse til å tolke og ta i bruk rammeplanen og læreplanverket.

I dette innspelet til Fellesskuleutvalet ønskjer vi understreke at det er viktigare å ta i bruk det store potensialet som allereie ligg i læreplanen, enn å gjere omfattande endringar. Vi vil difor rette merksemda mot korleis skulen sitt språkmandat vert følgt opp i praksis, peike på manglande implementering av allereie eksisterande læreplan, og kome med forslag til korleis dette potensialet i større grad kan realiserast.

Vi peikar særleg på kva føresetnader som må vere til stades for at opplæringa i både nynorsk og bokmål skal kunne ivaretakast i tråd med intensjonane i læreplanverket. Ein fellesskule som tek vare på det språklege mangfaldet i Noreg, føreset at utvalet tek stilling til korleis opplæringa i nynorsk kan styrkjast i praksis.

Innspelet til Fellesskuleutvalet

Til trass for at vi i dag har relativt inngåande kunnskap om kva som kjenneteiknar god språkopplæring, og sjølv om føringane i læreplanverket legg til rette for god opplæring i nynorsk som hovudmål og sidemål, ser vi teikn til eit gap mellom intensjonane i læreplanen og korleis nynorskopplæringa blir gjennomført i praksis.

Funna i kartlegginga frå Språkrådet og NTNU (2024) peikar på fleire strukturelle utfordringar i norskfaget som også har direkte relevans for nynorskopplæringa. Kartlegginga viser mellom anna at berre om lag halvparten av norsklærarane opplever seg rusta til å undervise i sidemål, og at sidemålsopplæringa i mange tilfelle ikkje er ein integrert del av norskfaget. I tillegg opplyser ein del lærarar at dei i liten grad underviser i sidemål i det heile. Desse funna tyder på at gode formuleringar i læreplanverket ikkje i seg sjølv er tilstrekkelege for å sikre at språkmandatet til skulen vert følgt opp i praksis. Til trass for at læreplanen legg vekt på jamstilt og god språkopplæring, viser rapporten at både kompetanse, motivasjon og prioritering i praksis varierer i stor grad mellom skular og lærarar.

Avviket mellom intensjonane i læreplanverket og faktisk opplæringspraksis i skulen, kan ha store konsekvensar for språksamfunnet på lengre sikt. Dersom nynorskopplæringa ikkje vert gjennomført systematisk, vil færre elevar utvikle tryggleik og kompetanse i nynorsk, særleg som sidemål. Dermed vert også grunnlaget for reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk svekka. Funna frå Språkrådet-rapporten understrekar difor behovet for tydelegare presiseringar og rettleiingar knytte til korleis læreplanmåla for nynorsk hovudmål og sidemål skal følgjast opp i praksis. Dette gjeld både progresjon i opplæringa, eksponering for nynorsk og støtte til lærarar i arbeidet med språkopplæringa.

Nynorskperspektivet må inn i alle satsingar

For å sikre at skulen er ein god språkopplæringsarena må nynorskperspektivet inn i alle endringar og satsingar i skulen. Dette opplever vi ofte manglar, og vi etterlyser ein auka kunnskap om kva det inneber å ha nynorsk som hovudmål, samanlikna med det å ha nynorsk som sidemål. Dette må liggje til grunn for ei vidare utvikling av skulen som ein inkluderande og språkmedviten opplæringsarena. Kunnskap og kompetanse om kva som særmerker opplærings situasjonen til nynorskelevane, er ein føresetnad for å sikre likeverdig opplæring i begge skriftspråka.

Vidare lesing

Bjørke, E., & Takle, E. (2024). Lesing på nynorsk som sidemål. I M. L. Tverbakk, M. L. Rotvik, & T. Sommervold (Red.), *Tekster og lesere: Et nærmere blikk på ungdomstrinnet* (s. 217–236). Fagbokforlaget.

Bårdsen, K. (2021). *Nynorsk som sidemål i dybdelæringens tid: En formativ intervensjonsstudie i form av språkbadsmetodikk på 8. trinn* (Masteroppgåve, UiT – Noregs arktiske universitet).

Språkrådet. (2022). *Rapport om språkbyte frå nynorsk til bokmål* [PDF].
<https://sprakradet.no/wp-content/uploads/rapport-om-sprakbyte-2022.pdf>

Sjøhelle, K. K. (2016). *Å skrive seg inn i språket: Ein intervensjonsstudie av nynorsk sidemålsopplæring for vidaregåande trinn* (Doktoravhandling, Universitetet i Oslo).

Språkrådet & Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet. (2024). *Norsklærerens kompetanser, roller og ansvar*. https://sprakradet.no/wp-content/uploads/Rapport-om-norsklaererens-kompetanser-roller-og-ansvar_mai-2024.pdf